

Fra: Helge Fimland <helge@fimland.net>
Sendt: onsdag 3. mars 2021 07:33
Til: Madeleine Fonnes Aase
Kopi: maskauge@gmail.com
Emne: Slipp Hodneland
Vedlegg: Vedlegg 3 Båt på slipp i 31.05.1992.png; Snekke på slipp 1.jpg; Snekke på slipp 2.jpg; Årstallet bildet vart framkalt Snekke på slipp .jpg; Ein kan skimte skinnegangen under naustet.jpg; Ordrebekreftelse på flyfoto frå Statens Kartverk.jpg; Betaling for flyfoto frå Statens Kartverk.jpg

Hei Madeleine

Viser til dagens synfaring der eg vart kalla løgnar og meir til. Dette er ikkje særleg kjekt, så eg har fått tak i litt dokumentasjon.

Først.. vedlegg 3 som eg la med i svaret til kommunen, som Kjel Rune Melingen og Ann Kristin Z.Edvardsen hevdar eg har forfalska og som dei kravde bevis for. Bildet er kjøpt frå Statens Kartverk. Kjel Rune Melingen og Ann Kristin Z.Edvardsen ligg i konflikt med ein andre hytteeigere og eg fekk nyss om at dei ville kjøpe flyfoto. Tilbydde meg å spleise (kostar ca 1800.-) og fekk bilde. Vedlagt ordrebekreftelse og kvittering på betaling. Som eg påpeika står det ein båt på slippet, noko dei nektar for.

Har fått tak i meir bilde materiale som viser tydeleg at det står ein relativt *stor* snekke på slippet. Dette er ei 20 fot tresnekke med ein SABB diesel i. Vil anta at båtens tyngde er rundt 1000 kilo og den blir ikkje handtert med handemakt. Øvst i slippet var det montert ein slipp vinsj og båten står på ei slippvogn. Det er ikkje mulig å få opp denne tresnekka utan slippvogn og at skinnene går langt ut.

Bildet frå Statens Kartverk og "Snekke på slipp " viser at båten sto der i 1992.

Me har vitner på at denne slippet vart bygga *før nausta vart oppført*, mellom 1960 og 1963. Berge Hodneland eigde garden og laga først slippet og etterpå bygga han denne tresnekka mens den sto på slippet. Naust starta han å bygga i ca. 1965 og det er lunnar til naustet, Kjel Rune Melingen trudde var slipp. Fotomateriale han viste til, har han nok henta frå Norge i bilder.

Vedlagt også eit bilde frå mars-93 som eg har forstørta, der ein kan skimte i skinnegangen bak naustet Kjel Rune Melingen og Ann Kristin Z.Edvardsen hevdar det ikkje låg skinner bak. Utydeleg bilde.. ja det er det.

I ei slik sak er det ikkje godt for kommunen å skilje mellom sant og usant.

Ber derfor om at du kontaktar ein som faktisk har brukt denne slippet. Han heiter Bjørnar Køllersen, bur på Hodneland og er gift med ei som er født og oppvokst på det bruket. Han har telefonnummer 94154246 og eg har spurt han om det er greitt at du ringer. Det var ok.

Ein siste ting: Vart også skylda for løgn om at eg "ikkje hadde flytta ein einaste stein i fjæra", mens dei sto å sparka i innfestinga av slippet. Ser eg kunne våre meir presis, men det eg meinte var at me ikkje har utført bearbeiding som sprenging & maskinarbeider i fjæra eller laga murar etc. Me har kun lagt ned skinnene.

For å sikre skinnene har me brukt grafse til å fjerne grus, slik at me har kunne komt ned på fast fjell for å bore hull for sikring. Om ikkje, vil lausgrus fylle hullet når ein trekkjer ut borret.

Helsing Helge og Magnar